



Kunnskapsdepartementet,
Postboks 8119 Dep.,
0032 Oslo.
postmottak@kd.dep.no

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

DYKKAR REF:
15/162

VÅR REF:

DATO:
6.2.2015

Høyringsuttale til rapporten frå finansieringsutvalet

Rapporten om finansiering av universitet og høgskular har vore til vurdering hos Høgskulen i Volda, og vi har følgande innspel til endringsforslaga til ekspertgruppa. Kommentaraner er retta mot dei punkta i rapporten som vi ser som mest vesentlege.

1. Omsyn og heilskap

Vi er samde med ekspertgruppa i at det er ein fordel at vi har eit finansieringssystem som er enkelt, oversiktleg og som har eit avgrensa tal indikatorar. Det er også semje om at vi ønskjer ei samla rammeløyving som inkluderer både utdanning og forskning.

2. Basisløyving

Ekspertgruppa viser til tidlegare evalueringar og vurderingar av basiskomponenten, der tre av desse (Vagstad-rapporten frå 2007, innstillinga frå Stjernø-utvalget frå 2008 og OECDs landrapport om norsk høgare utdanning frå 2009) alle syner til problematikk knytt til at basiskomponenten ikkje er transparent. Også DAMVAD (2014) som var engasjert av HiOA for å skissere sentrale problemstillingar i finansieringssystemet dreg fram at auka transparens vil legge til rette for ein meir informert debatt om prioriteringar.

Vi ser positivt på at nemninga basiskomponent igjen vert innført. Dette er ei meir presis nemning på denne delen i modellen enn henne som har vore nytta dei siste fem åra (strategisk løyving). Når det vert hevda nedst på side 96 (og side 11) i rapporten at basisløyvinga speglar summen av løyvingar vedtekne i det demokratiske systemet vårt, er det berre delvis rett. Vi har tidlegare vist (jf brev til KD frå fem underfinansierte høgskular i 2009) at det skjedde ei stor forskjellshandsaming av høgskulane då finansieringssystemet vart innført i 2003. Dei resultatbaserte løyvingane vart utrekna etter vektalsproduksjon og forskingsaktivitet i utgangsåret 2000, og basisløyvinga vart utrekna ved å ta den historiske løyvinga og drage frå den utrekna resultatbaserte løyvinga (kalibrering).

Dei institusjonane som kunne vise til gode resultat i måleåret (2000) fekk ei låg basisløyving, medan dei som scora lågare på resultat, fekk ei tilsvarande høg løyving. Modellen har vore slik at det berre har vore forbetringar frå utgangsposisjonen som vart premierte, medan ein nedgang førte til trekk i budsjetta. Med andre ord har gode resultat i utgangsåret straffa seg. Denne forskjellshandsaminga har nok ikkje vore tilsikta, men ingen bør kunne påstå at basisløyvinga for den einskilte institusjon er resultat av demokratiske og strategiske vedtak.

Høgskulen i Volda er ein av institusjonane som fekk ei relativt låg basisløyving då finansieringsmodellen vart innført i 2003, og vi har dessverre halde oss på det same låge nivået. Det ser ein også i denne rapporten, jf. figur 6.5. Også UiO sitt innspel til ekspertgruppa viser at hovudbildet for sektoren er stor grad av likskap i finansiering per studieplass, men der tre av institusjonane har ei løyving som ligg meir enn 15% under snittet (HiST, HVO og NHH). Vi har vore lova at det skulle skje ei utjamning over tid, men det har ikkje skjedd. For dei institusjonane som kjem dårlegare ut enn majoriteten på basisløyvinga, inneber dette mindre fleksibilitet og lågare strategisk spelerom for å møte framtidige utfordringar.

Ekspertgruppa kjem med tre alternative metodar for å auke transparensen i basisløyvinga:

- a) full kostnadskartlegging
- b) fordeling etter objektive kriterier
- c) fordeling etter generelle satsar

Vi meiner at fordeling etter generelle satsar er vegen å gå. Gruppa skriv at dette alternativet har eit lågare presisjonsnivå enn alternativ a) og b) og kan bli møtt med kritikk for tilfeldig og dermed urettferdig fordeling. Vi er klar over at vi aldri vil kunne få ein modell som fordeler ressursar heilt rettferdig, men den store fordelen med ein slik modell vil vere at alle får sjå kva som ligg i ramma inkludert strategiske prioriteringar frå politisk hald. Systemet vil opplevast som klart betre enn dagens system.

Eit av dei sju definerte måla for finansieringsmodellen er at han skal verke til kostnads-effektiv ressursbruk. Dette målet er i forbausande liten grad omtala i rapporten. Det som er nemnt er knytt til kostnadskartlegginga i UH-sektoren som NIFU i samarbeid med Deloitte har gjennomført. Her står det følgande (s. 44 i rapporten): «Institusjonene går ikke nødvendigvis inn for å levere sine tjenester på den mest kostnadseffektive måten, men vil forsøke å etablere fagmiljøer, gode støttefunksjoner og gode undervisningstilbud innenfor den rammen som er tildelt».

Eit arbeid for å etablere ein transparent basis vil krevje ein grundig analyse av ulike kostnadselement. Det er påpeika både i rapporten og i høyringskonferansen. Det vert hevda at det vil vere dyrt og ressurskrevjande. Vi meiner det er eit arbeid som bør prioriterast høgt då det vil gi institusjonane eit godt verktøy til å evaluere eiga drift og kostnadsbruk. Inntektspotensialet ved eit slikt arbeid vil vere mange gonger større enn kostnaden.

Vi meiner altså at det er viktig at ein transparent basis vert ein del av det framtidige finansieringssystemet for UH-sektoren. Dette vil sikre større legitimitet, tydeleggjing av formål og oppgåver og langsiktig strategisk spelarom for alle institusjonane.

Om ein vel å halde fram med å dele ned 70% av løyvinga basert på historiske tal, bør ein sikre at ein ved saldering/rekalibrering i innføringsåret ikkje «straffar» ein gong til dei institusjonane som har god utteljing på resultatbaserte komponentar. I overgangsåret bør ein sjå på resultatindikatorane over fleire år for å sikre at ikkje vilkårlege svingingar i resultatet får store utslag på basisløyvingane. Ein bør og nytte høvet til å identifisere klart urimelege skilnader i basisløyvinga og rette dette opp dei næraste åra.

3. Resultatbaserte komponentar

Studiepoeng

Vi er samde i at utteljing for studiepoeng er ein god indikator for resultat på utdanningsoppdraget. Stykkpris og opa ramme gir eit godt grunnlag for planlegging. Vi er også samde i at noko av midlane som tidlegare har gått gjennom denne indikatoren, bør kunne flyttast over til kandidatindikatoren.

Kandidatar

Vi er samde i at det er viktig å få studentane til å fullføre studiet, og utteljing for fullførte grader vil kunne skape ekstra merksemd mot dette. Samstundes vil det vere avgjerande at også studentane vert motiverte til å fullføre studiane, og eit insitament for dette bør inngå i studiefinansieringa.

Vi er samstundes litt urolege for om dette i for stor grad vil kunne gå ut over tilboda knytt til etter- og vidareutdanning. Ut i frå ideal om kompetanseheving, livslang læring og tilpassing til endra behov i arbeidslivet er det også noko som bør premierast. Som alternativ kunne dette kanskje vere noko av det som kunne premierast gjennom den nye utviklingsavtalen?

Kategoriar i studiepoengindikatoren

Årsaka til at ekspertgruppa tilrår meir grovmaska kategoriar ser ut til å ha grunnlag i uro for at institusjonane fører dette direkte vidare ned på institusjonsnivå. Men kategori-inndelingar har og eit finansieringsperspektiv som er viktig.

Kategori 2 skal dekkje utdannings- og velferdsfag som krev praksis og i stor grad er rammeplanstyrte utdanningar. Det strategiske spelaromet for institusjonane er ikkje stort i desse utdanningane. Lærarutdanningane (GLU, BLU og PPU) er spesielle i og med at dei har mykje praksis i studiet, og dette er praksis som medfører store eksterne kostnader gjennom den sentrale øvingslæraravtalen. Eksterne praksiskostnader knytt til lærarutdanningane er ein særkostnad som enten bør dekkast opp gjennom å auke vektinga av kategori 2 eller ved å tilføre ekstramidlar til dette på andre måtar.

Vi er og usikre på kva type utdanningar som vil ligge i kategori 3 – fag som krev laboratorieundervisning eller er utstyrsintensive. Ved Høgskulen i Volda har vi profilerte animasjons- og medieutdanningar med stor vekt på reell arbeidspraksis, og vi bruker store ressursar for å kunne halde utstyret oppdatert. I tillegg har vi ei avdeling for kulturfag (mellom anna kunst og handverk, musikk, drama og teater). Dette er også fag som er både utstyrs- og lærarintensive, og vi meiner at alle desse faga må liggje i kategori 3.

Publisering og utrekning av forfatterdelar gjennom bruk av kvadratrotsformel

Som det vert skrive i rapporten er dette ei endring som i særleg grad vil kome dei faga som har tradisjon for mange forfattarar per publikasjon til gode (realfag og medisin). Høgskulane har i utgangspunktet vesentleg lågare midlar til forskning enn universiteta, og ei slik omlegging vil gjere det endå vanskelegare å få utteljing for den publiseringa ein har på høgskulane.

Avtale

I utgangspunktet synest vi innføring av ein slik avtale kan vere ein god ide. Her kan ein dekke inn andre viktige målsetjingar som ikkje vert dekkja av dei andre indikatorane, til dømes fleksibel undervisning og etter- og vidareutdanning. Det vil også vere til hjelp for prioriteringar som vert gjorde i styrearbeidet ved institusjonane. Samstundes er det viktig at dette ikkje vert ei byråkratisk ordning som tek tid og ressursar frå andre viktige gjeremål i sektoren. Det er vesentleg å halde fokus på eit langsiktig perspektiv framfor kortsiktige gevinstar. Ei rimeleg fordeling av basis (jf. ovanfor) er også viktig for at alle institusjonane skal ha strategisk spelerom til å arbeide med slike avtalar.

SkatteFUNN

For å styrkje samarbeidet mellom næringsliv og UH-sektoren er det framlegg om å gjere SkatteFUNN-ordninga betre. Vi ønsker også eit verkemiddel retta inn mot offentleg sektor. Modernisering av offentleg sektor står i fokus no, og vi kunne tenkje oss verkemiddel som stimulerer til samarbeid også mellom institusjonane og den sektoren.

Med helsing

rektor

Per Halse

høgskuledirektør

Jacob Kjøde jr.